

REGULERINGSFØRESEGNER

i tilknyting til reguleringsplan for

RASDALEN

Gnr. 409/1, 409/2, 409/3, 409/22, 410/1, 410/2, 410/3, 410/4,
411/1, 411/2, 411/3 og parsellar frådelt desse bruka.

§ 1.

Det regulerte området er vist med reguleringsgrenser.

§ 2.

Området er regulert til desse føremål:

- | | |
|--------------------------|-----------------------------------|
| Bygningslova § 25 pkt. 1 | BYGGEMRÅDE |
| | -Hytter |
| | -Ålmennyttige føremål (grendahus) |
| Bygningslova § 25 pkt. 2 | LANDBRUKSOMRÅDE: |
| Bygningslova § 25 pkt. 3 | TRAFIKKOMRÅDE |
| | -Kjøreveg |
| Bygningslova § 26 pkt. f | ANDRE FØRESEGNER |
| | -Felles trafikkområde |
| | til parkeringsplass/garasjepllass |

§ 3.

I tillegg til desse føresegnerne gjeld bygningslova, kommunen sine vedtekter til denne, og departementet sine byggeforskrifter.

§ 4.

Etter at desse reguleringsføresegnerne er gjort gjeldande, er det ikke høve til å opprette private servitutter som strir mot reguleringsplanen, eller desse føresegner.

§ 5

Innanfor ramma av bygningslova, kommunen sine stadfeste vedtekter til bygningslova og gjeldande byggeforskrifter, kan bygningsrådet gjere unntak frå desse føresegne når serlege grunnar talar for det.

BYGGEOMRÅDE, hytter:

§ 6

Nye hyttetomter kan vere på inntil 1000 m².

På allereide frådelte hyttetomter (hyttetomter frådelt før 1982) skal hyttene plasserast i samsvar med bygningslova sine krav om byggeavstand frå eigedomsgrensene.

På nye tomter (frådelt etter 1.1.82) skal det vere koordinatbestemt eit punkt som skal falle innanfor grunnmuren av den einskilde hytte.

§ 7

Hyttene skal vere på 1 etasje utan kjellar, med grunnareal inn til 80 m²., event. veranda og innebygde eller overbygde uteareal medrekna.

Hyttene skal ha mønt tak.

I tillegg til hytta kan det event. førast opp eit uthus på inn til 10 m².

Grunnarealet av hytta og uthuset skal i såfall samla ikkje vere over 80 m².

For kvar av dei nye hyttene (også for nye hytter på tidlegare frådelte tomter) skal det i fellesareal vist på planen opparbeidast plass til minst 2 bilar pr. hytte, (Event. plass i garasje vert her rekna med).

Bygningsrådet skal sjå til at parkeringsplassane vert opparbeidde samstundes med at hyttene vert bygde.

BYGGEOMRÅDE, ålmennytige føremål:

§ 8

I området kan det byggjast grendahus i inntil 2 etasjer, medrekna sokkelhøgde.

PARKERINGSPLASS/GARASJE.

§ 9

Innan området kan bygningsrådet godkjenne at det i tillegg til parkeringsplass vert oppført garasjen og bossbuer. Opparbeiding av plassane skal fylgje detaljane som skal godkjennast av bygningsrådet.

Teknisk kontor, den 10. mars 1982.

Ola Folkestad

-bygn.og reg. sjef-